

Medlemmane i fylkestinget

## Møte i fylkestinget 2. februar 2016

Forhandlingsdelegasjonane frå Hordaland og Sogn og Fjordane har møte om Regionreforma 16. og 17. januar 2016. Fylkesordføreren kallar i det høve inn til ekstraordinært fylkesting slik:

### Torsdag 2. februar 2016, kl. 13.00 på Fylkeshuset, Leikanger

Fylkesordføreren må førebels ta atterhald om at dei to forhandlingsdelegasjonane vert samde om ein intensjonsplan for samanslåing. Dersom det ikkje skulle skje, vil behovet for eit ekstra FT naturlegvis falle bort.

### I høve same sak varslar eg møte i fylkesutvalet onsdag 1. februar kl. 16.00, same stad.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføreren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: [svein.hagard@sfj.no](mailto:svein.hagard@sfj.no), med kopi til [marit.silje.husabo@sfj.no](mailto:marit.silje.husabo@sfj.no). Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføreren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert for fylkestinget sin del refunderte med utgangspunkt i frammøte torsdag 2.februar 2016. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølve ved innkalling til gruppemøte. Det vert lagt til rette for gruppemøte på Fylkeshuset, og lunsj i kantina kl. 12.00. Eg legg til grunn at tingseta vert avslutta 2. februar.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn du i «Arbeidsvilkår for folkevalde» på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – Politikk > For politikarar > Reglement og rutinar. Kap. 6 lyder:

*Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingsmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise.*

Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg til sakane som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida - [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*